

Fra: "Sture Arild Karlsen" <sture.karlsen@skl.as>
Sendt: mandag 5. september 2022 15.05.03
Til: "NVE Postmottak" <nve@nve.no>
Kopi: "Kjetil Heimvik" <kjetil.heimvik@skl.as>
Emne: Ang. senking av Løkjelsvatn - søknad om forlenga løyve til mellombels fråvik (dykkar ref. 202203940-3)

Vi syner til dykkar vedtak datert 25. mars 2022 med løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet for magasinet Løkjelsvatn i ein periode på inntil 2 månadar i tidsrommet 10. april – 15. september 2022.

Grunna mykje nedbør i starten av nedkøyringsperioden, har det tatt lengre tid å køyre ned magasinet enn vi hadde håpa på. Vi nærmar oss no det vasstandsni vået vi ønsker oss. Med lovande vêrmeldingar i den næraste tida, har vi tru på at vi skal kunne få gjennomført det planlagde arbeidet. Men det er likevel no openbert at vi ikkje klarer å fullføre arbeidet innan 15. september. Vi søker difor om ei forlenging av tidsrommet vi kan halde vasstanden under LRV fram til og med 15. oktober 2022.

Vi vonar på ei snarleg avgjerd.

Mvh



www.skl.as

Sture A. Karlsen
Fagansvarleg VTA
sture.karlsen@skl.as
975 56 064